



Meland kommune

## Samarbeidsavtale

### **Avtale mellom Meland kommune og Furefjellet AS om utarbeiding av områderegulering for **plannavn**.**

1. Furefjellet AS tek med denne avtalen på seg arbeidet og kostnadane med å utarbeide framlegg til områderegulering for deler av B\_8 og B\_9 på Mjåtveit.
2. Furefjellet engasjerer Ard arealplan AS til å utføre planarbeidet innafor dei rammer som er fastsett av Meland kommune og i samsvar med plan- og bygningslova. Furefjellet har det fulle økonomiske ansvaret i høve til arbeidet som Ard eller andre konsulentar utfører.
3. Furefjellet vil i den daglege kontakten med Meland kommune vere representert ved Ard.
4. Meland kommune sin sakshandsamar vil følgje planarbeidet. Denne medarbeidaren skal i hovudsak kommunisere med Ard som prosjektansvarleg hos Furefjellet for utarbeiding av områderegulering og samordning av partane.
5. Det vert oppretta eit prosjektstyre på leiarnivå der kommunen og Furefjellet, eller den Furefjellet peiker ut er representert. Prosjektstyret skal i all hovudsak handsame saker der det oppstår usemje mellom prosjektleiar i Ard og kommunen sin medarbeidar i planarbeidet.
6. Det skal utarbeidast ein møtestruktur med tilhøyrande møteplan som skal sikre framdrift og styring av prosessen. Framdriftsplanen og oversikten over arbeidsoppgåvene er retningsgjevande for Meland kommune og Furefjellet.
7. Det kan ikkje pårekna komunal medfinansiering av teknisk infrastruktur. Krav om utbyggingsavtaler vert ein del av planføresegnene i områdereguleringa.
8. Det vert ikkje rekna gebyr for sakshandsaming av områderegulering. Detaljregulering innafor områdeplanen vert gebyrbelagt etter pkt 7.2 Private forslag til reguleringsplan i Meland kommune sitt gebyrregulativ.
9. Planområdet kan delast opp i delområde for detaljregulering. Reguleringa skal gjennomførast med ulike detaljeringsnivå slik at ein for einskilde delområde kan gå rett på rammesøknad. Det heilskaplege plangrepet skal vere avklart før detaljeringa av einskildområda vert innarbeidd i planen.

11. Alt planmateriale som vert utarbeidd, medrekna utgreiingar og kartleggingar, er Meland kommune sin eigedom. Alt skriftleg materiale (tekst) skal oversendast i Word-format i tillegg til evt andre format (redigerbare) ein ønskjer nytte for framstillinga. Plankart skal følgje nyaste SOSI-standard.
12. Avtalen mellom Meland kommunen og Furefjellet AS bind ikkje opp den politiske handsaminga av planframlegget. Den gjev heller ikkje garanti for at løysingane kan aksepterast av statlege eller regionale mynde med rett til motsegn.
13. Denne avtalen gjeld fram til endeleg planvedtak i Meland kommune.

Stad, dato:

Furefjellet AS

Meland kommune